


SVEIO KOMMUNE

KONTROLLUTVALET SI
ÅRSMELDING
FOR 2011



KONTROLLUTVALET
SVEIO KOMMUNE

1. INNLEIING

Kontrollutvalet er eit lovpålagt organ som på vegne av kommunestyret skal føre det løypande tilsynet med den kommunale forvaltninga. Ordninga er heimla i kommunelova og i forskrift om kontrollutval. Kontrollutvalet er ikkje underlagt andre organ enn kommunestyret og rapporterer og innstiller også til dette. I følgje kommunelova § 77 pkt 6 skal ”*kontrollutvalget rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget*”.

2. MEDLEMMENE I UTVALET

Det er kommunestyret sjølv som vel medlemmene til kontrollutvalet. Kontrollutvalet skal ha minst tre medlem, og etter § 77 nr 1 i kommunelova skal minst eit av utvalet sine medlemmer veljast blant representantane i kommunestyret. Tilsette i kommunen er utelukka frå val til kontrollutvalet.

For perioden 2007-2011 har Sveio hatt følgjande medlemmer til kontrollutvalet:

Faste medlemmer

Leiar	Andreas Bårtvedt (H)
Nestleiar	Marta Halleraker (Frp)
Medlem	Kjell Hørkestad (KP)
Medlem	Lars Vierdal (Sp)
Medlem	Gunn Hemmingsen (Ap)

Pers. varamedlemmer:

Arild Hovda (H)
Turid Brandvik (Frp)
Knut-Ove Tvedt (KP)
Jon Blytt (Sp)
Randi Skimmeland (Ap)

Andreas Bårtvedt var også kommunestyrerepresentant.

For perioden 2011-2015 har Sveio kommunestyre vald følgjande medlemmer til kontrollutvalet:

Faste medlemmer

Leiar	Håkon Skimmeland (A)
Nestleiar	Kristi Henden Tveitaskog (Sp)
Medlem	Andreas Bårtvedt (H)
Medlem	Tor Røkenes (V)
Medlem	Oddbjørg Hovland (MDGSV)

Pers. varamedlemmer:

Heidi Nilsen Njøen (A)
Lars Vierdal (Sp)
Kåre Ekrene (H)
nyval 30.01.12 (V)
Bjørnar Økland (MDGSV)

Håkon Skimmeland er også kommunestyrerepresentant. Utvalet hadde fyrste møte 21. desember 2011.

3. AKTIVITETEN I KONTROLLUTVALET I 2011

Kontrollutvalet har i 2011 hatt 4 møte fordelt på to i halvåret. Kontrollutvalet sine møte har vore lukka, då utvalet ikkje har vedteke noko anna (§ 77 nr 8). Utvalet har helde sine møte i kommunehuset.

Utvalet har hatt 25 (17) saker til handsaming og 35 (38) saker til orientering. Sjå oversikt over saker lagt fram for kontrollutvalet som vedlegg til årsmeldinga.

Andreas Bårtvedt deltok på kontrollutvalskonferansen i regi av Norges Kommunerevisorforbund 02.-03.02.11 på Gardermoen. Ingen deltok på konferansen til Forum for kontroll og tilsyn 07.-08.06.11. Håkon Skimmeland deltok på konferansen for kontrollutval i Rogaland i Sandnes 08.12.11.

I 2011 blei det gjort framlegg om at kommunen skulle ha sitt eige reglement for kontrollutvalet. Reglementet blei lagt fram for kommunestyret i møte 20.06.11 (til orientering) og lagt ved til konstitueringa i haust, med reglementet er ennå ikkje formelt vedteke.

4. KONTROLLUTVALET SINE HOVUDOPPGÅVER

Kontrollutvalet har oppgåver knytte til internt tilsyn og kontroll gjennom rekneskaps-revisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.

4.1 REKNESKAPSREVISJON

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sin årsrekneskap blir revidert på ein trygg måte. Kontrollutvalet skal også halde seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at det går føre seg i samsvar med lov og føresegner, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalet sine instruksar.

Kontrollutvalet hadde i møte 27.04.11 kommunen sin årsrekneskap for 2010 til handsaming. Revisjonen hadde ikkje tatt inn atterhald eller presiseringar. Kontrollutvalet hadde heller ikkje merknader til årsrekneskapen, men meinte at det var viktig å skape meir handlefridom i åra framover.

Uttale til rekneskap for Ryvarden Kulturfyr KF og Sveio Bufellesskap KF blei godkjent i same møte. Kontrollutvalet hadde ingen merknader til rekneskapa.

4.2 FORVALTNINGSREVISJON

I følge kommunelova skal kontrollutvalet sjå til at det blir gjennomført forvaltnings-revisjon av den kommunale verksemda. Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden utarbeida ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen skal vedtas av kommunestyret. Sveio kommune sin plan for 2008-2011 blei vedtatt av kommunestyret i møte 10.02.09, sak 10/09.

Kontrollutvalet bad i 2009 revisjonen sette i gong forvaltningsrevisjon om korleis kommunen sikrar effektive innkjøp samstundes som regelverket for offentlege innkjøp blir etterlevd, med spesiell fokus på anbudspraksis innan utbyggingsprosjekt. Rapport blei lagt fram for kontrollutvalet i desember 2010 og kommunestyret i møte 21.02.11, sak 16/11. Kommunestyret vedtok å be om tilbakemelding innan 30.04.11 om kva tiltak som er eller vil bli sett i verk for å betre kontrollrutinane knytte til innkjøp.

Kommunestyret hadde sak om kontrollrutinar for Sveio kommune v/kjøp og innkjøp av tenester ved bygg og tomteutvikling til handsaming i møte 09.05.11, sak 38/11.

4.3 SELSKAPSKONTROLL

I følge kommunelova er kontrollutvalet pålagt å sjå til at det blir ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m.m. Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden utarbeide ein plan for gjennomføring av selskapskontroll. Planen for 2008-2011 og retningslinjene for selskapskontroll blei vedtatt av kommunestyret i møte 16.02.09, sak 8/09. Kontrollutvalet vedtok i 2009 å gjennomføre selskapskontroll i Haugaland Kraft AS, saman med dei andre eigarkommunane. Rapporten blei handsama i møte 16.02.11 og kommunestyret 28.03.11, sak 26/11.

På bakgrunn av invitasjon frå dei andre eigarkommunane i Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS i haust vedtok kontrollutvalet i desembermøtet å delta i fellesprosjektet om igangsetjing av selskapskontroll i SIM. Framlegg til kostnadsfordeling og Deloitte sitt framlegg til prosjektplan blei godkjent. Rapport vil vere klar våren 2012.

4.4 TILSYN MED REVISOR

Sveio kommune deltek i dag i ei interkommunal revisjonsordning saman med Bokn, Etne, Karmøy, Sauda, Suldal, Tysvær, Utsira, og Vindafjord. Kommunane har forplikta seg til å bruke Haugaland kommunerevisjon (HKR) for ein periode på 4 år fram til 31.12.11.

Sveio kommunestyre vedtok i møte 3. oktober 2011, sak 61/11 å seie opp avtalen om revisjon med Haugaland kommunerevisjon med verknad frå 30.06.2012. Anbud på revisjonstenestene blei lyst ut i DOFFIN den 30.12.11. Kommunestyret vil måtte velje ny revisor i løpet av fyrste halvår i 2012.

Revisjonssjefen for Indre Hordaland Revisjonsdistrikt har i 2011 vore oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor. Kommunen sin revisor har møte- og talerett i utvalet sine møte, og revisor har deltatt på eit av kontrollutvalet sine fire møte.

4.5 TILSYN MED FORVALTNINGA

I april møte fekk utvalet orientering av rådmannen om status for arbeidet knytte til eigenkontroll. Det blei her gjort greie for administrasjonen sitt arbeid for å betre kvaliteten i tenestene og internrutinar.

Utvalet er og blitt orientert om statlege tilsyn, budsjettvedtak, økonomiplanar, KOSTRA-tall osv.

4.6 FRAMLEGG TIL BUDSJETT FOR INTERNT TILSYN OG KONTROLL

Kontrollutvalet handsama hausten 2011 framlegg til budsjett for internt tilsyn og kontroll for 2012. Totalt var framlegg til budsjett på kr 542.000. Av dette utgjorde kr 330.000 til revisjonstenester, kr 152.00 til sekretariattjenester og kr 60.000 til utvalet si eige verksemd. Utgiftene skal førast i KOSTRA på funksjon 1100, slik at ein kan samanlikne med kva andre kommunar brukar på kontroll og tilsyn.


4.7 SEKRETARIAT

Sekretariatstenester for kontrollutvalet er i 2011, som tidligare år, utført av Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS. Selskapet er eigd av 10 deltakarkommunar og oppgåvene blir ivaretatt av to tilsette. Ny dagleg leiar tok til i oktober og ny rådgivar i desember.

5. OPPSUMMERING

Aktiviteten i 2011 har vore som planlagt, men innanfor forvaltningsrevisjon noko mindre enn det som er forventa. Året har vore prega av uvisse kring framtidig revisjonsordning. Etter at kommunestyret vedtok og seie opp av revisjonsavtale i haust, blei tenestene lyst ut på anbod i desember med anbodsfrist 30.01.12. Ved sekretariatet førte skifte av dagleg leiar til redusert kapasitet i perioden oktober - desember.


Sveio, 24. januar 2012



Håkon Skimmeland (A)
leiar



Kristi Henden Tveitaskog (Sp)



Tor Røkenes (V)



Andreas Bårtvedt (H)



Oddbjørg Hovland (MDGSV)

SAMLET OVERSYN – SVEIO KONTROLLUTVAL 2011**Saker til handsaming:**

- 01/11 Godkjenning av protokoll frå møte 01.12.10
- 02/11 Referatsaker 16.02.11 (1-14)
- 03/11 Kontrollutvalet si årsmelding for 2010
- 04/11 Revisor si eigenerklæring for 2011
- 05/11 Fullmakt til FKT til og leggje ut forvaltningsrevisjonsrapportar
- 06/11 85 tilrådingar om eigenkontroll i kommunane – status/vidare oppfølging av rapport
- 07/11 Rapport – selskapskontroll – Haugaland kraft AS

- 08/11 Godkjenning av protokoll frå møte 16.02.11
- 09/11 Referatsaker 27.04.11 (15-20)
- 10/11 Uttale til årsrekneskapen for 2010 – Sveio kommune
- 11/11 Uttale til årsrekneskapen for 2010 – Ryvarden Kulturfyr KF
- 12/11 Uttale til årsrekneskapen – Sveio Bufellesskap KF
- 13/11 Status for eigenkontroll – oppfølging av rapport
- 14/11 Reglement for Sveio kontrollutval

- 15/11 Godkjenning av protokoll frå 27.04.11
- 16/11 Referatsaker 07.09.11 (21- 27)
- 17/11 Oppfølging av årsoppgjersbrev til rekneskap 2010
- 18/11 Budsjett - kontroll og tilsyn 2012
- 19/11 Evaluering av kontrollutvalsarbeidet 2007-2011
- 20/11 Organisering av revisjonstenestene frå 2012

- 21/11 Godkjenning av protokoll frå 07.09.11
- 22/11 Referatsaker 21.12.11 (28-35)
- 23/11 Sveio kommunes budsjett 2012
- 24/11 Revisjonsordning frå 2012 - konkurransegrunnlaget
- 25/11 Sunnhordland Interkommunale Miljøverk (SIM) IKS - selskapskontroll

Saker til orientering:

1. Karmøy kommune si oppseiing av revisjonsavtalen
2. Saksframlegg til Voss kontrollutval sitt møte 10.02.11 om samanslåing av revisjon
3. Kommunal rapport 14.12.10 – Advarer mot gebyr som straff
4. FM i Hedmark sitt vedtak 07.12.10 – klage vedk. innsyn – Eidsiva Energi AS
5. FM i Rogaland sitt vedtak 10.12.10 – klage vedk. innsyn – Haugaland Kraft AS
6. FM i Hordaland sitt vedtak – klage vedk. innsyn – Sunnhordland Kraftlag AS
7. Offentlighet.no – ”fylkesmannsbingo”
8. Offentlighet.no – Karmsund Havnevesen IKS omfatta av offentleglova
9. Offentlighet.no - Hvilke selskap må følgje offentleglova?
10. Helsetilsynets brev 04.01.11 – Funn ved tilsyn med legemiddelbehandling i sjukeheim
11. Skatteoppkrevjaren i Sveio – årsrapport og skatterekneskap 2010
12. Fylkesadvokaten - Inhabilitet – ei rettleiing for folkevalte
13. NKRFs kontrollutvalskonferanse 02.-03.02.11 – tilbakemelding/evaluering
14. Kommunal- og regionaldepartementet si rettleiing *Kontrollutvalsboka*

15. Datatilsynet - kommuneundersøking 2010 – store mangler i kommuners internkontroll
16. Representantskapsmøte 29.04.11 – SIM IKS
17. Protokoll frå styremøte i HKR 14.03.11
18. Møte om fusjonsprosessen mellom HKR og IHR 26.04.11
19. Førebels KOSTRA-tal - netto driftsresultat 2010 – Sveio kommune
20. Skatteetaten sin kontrollrapport 2010 vedk skatteoppkrevjarfunksjonen i Sveio

21. Høyring – forslag til endringar i kommunelova og enkelte andre lover
22. Haugaland Kommunerevisjon – protokoll frå styremøte 07.06.11
23. Kommunestyrevedtak om revisjonsordning 14.06.11, 29/11 – Vindafjord kommune
24. Kommunesektorens Etikktvalg – referat fra møte 21.06.11
25. Info. brev - Inter Revisjon blir en del av Deloitte Haugesund
26. FKT – medlemsbrev nr 3/11 – organisasjon & informasjon
27. FKT – medlemsbrev nr 4/11 – organisasjon & informasjon

28. Valde medlemmer og varamedlemmer til kontrollutvalet 2011-2015
29. Tieleplikterklæring
30. Kontrollutvalet si evaluering av arbeidet i perioden 2007-2011
31. Reglement for Sveio kontrollutval, vedtatt av kommunestyret 20.06.11, sak /11
32. Konferanse – Forum for kontrollutval i Rogaland 08.12.11 i Sandnes - evaluering
33. NKRF- konferansen 01.-02.02.12, Gardermoen – påmelding
34. Brev frå Haugaland Kommunerevisjon 03.10 vedk. konkurranseutsetjing
35. Budsjett for kontrollutval 2012